



NOREGS HØGSTERETT

Den 23. september 2014 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Bårdsen og Bull i

HR-2014-01886-U, (sak nr. 2014/1562), straffesak, anke over vedtak:

A

(advokat Jannicke Keller-Fløystad)

mot

Den offentlege påtalemakta

sagt slik

O R S K U R D :

- (1) A, født 00.00.1993, har anka over Gulating lagmannsretts vedtak 17. juli 2014 i sak nr. 14-117071AST-GULA/AVD2 der anke Bergen tingretts dom av 26. juni 2014 i sak nr. 14-106152ENE-BBYR/04 vart nekta fremja.
- (2) *Høgsteretts ankeutval viser til at kompetansen for utvalet er avgrensa til å prøve saksbehandlinga hos lagmannsretten, straffeprosesslova § 321 sjette ledd.*
- (3) A vart varetektsfengsla ved orskurd frå Bergen tingrett 15. april 2014. Rettsmøtet varte til klokka 13.45 den 15. april 2014. Han vart etter dette sett attende i politiarresten der han vart halden til 09.30 den 16. april 2014. Det er i anken gjort gjeldande at dette var eit brot på EMK artikkel 8, og at det skulle ha ført til ein straffereduksjon. For lagmannsretten var det då ikkje klart at anken ikkje kunne føre fram, jf. straffeprosesslova § 321 andre ledd første punktum.
- (4) Tingretten uttala i dommen av 26. juni 2014 mellom anna:

"Siktede er ikke undergitt varetektsfengsling med isolasjon, og det følger av rettspraksis og teori at fortsatt opphold utover en viss varighet i politiarresten, etter at retten har avsagt fengslingskjennelse uten isolasjon, kan innebære et konvensjonsbrudd på EMK. Retten finner det ikke nødvendig å ta stilling til om det foreligger brudd på EMK artikkel 8, ettersom et slikt eventuelt konvensjonsbrudd i vår sak, etter rettens vurdering uansett skal anses reparert ved det utvidede varetektsfradraget som er gitt. Det vises herunder til Rt. 2014 side 479, hvor Høyesterett uttaler at reparasjon etter konvensjonsbrudd blant annet kan skje ved fastsettelsen av varetektsfradraget."

- (5) Lagmannsretten uttala om dette i sitt vedtak 17. juli 2014:

"I dette tilfellet har tingretten ikke tatt stilling til hvorvidt det forelå konvensjonsbrudd, men har lagt til grunn at et eventuelt brudd under enhver omstendighet må anses reparert ved det utvidede varetektsfradrag som er gjort. Etter lagmannsrettens vurdering har tingretten gitt en tilstrekkelig begrunnelse for sitt resultat. Lagmannsretten legger for øvrig til grunn at brudd på EMK artikkel 8 kan gi grunnlag for en mildere straff. Dette må i så fall bero på en konkret vurdering i hvert enkelt tilfelle. I denne saken foreligger ikke slike omstendigheter som skulle tilsi at et eventuelt konvensjonsbrudd kan tillegges utslagsgivende vekt ved straffutmålingen. Lagmannsretten ser det uansett slik at den utmålte straff er i samsvar med rettspraksis. Allmennpreventive hensyn veier tungt i denne type saker. Lagmannsretten ser det videre slik at tingretten, i tilstrekkelig grad, har vektlagt domfeltes tilståelse ved utmålingen av straffen. Det vises ellers til straffeprosessloven § 344."

- (6) Utvalet er kome til at avgjerdsgrunnane hos lagmannsretten ikkje er tilstrekkelege. Når tingretten ikkje tok stilling til om det låg føre konvensjonsbrot, og dessutan la til grunn at eventuell konvensjonsstrid ikkje gav grunnlag for varetektsfrådrag ut over det ordinære utvida varetektsfrådraget ved isolasjon, låg det føre omstende ved tingrettsdommen som lagmannsretten skulle ha drøfta nærmere i vedtaket. Utvalet viser til dei særlege omsyna som gjeld ved prøving i høve til EMK.
- (7) Lagmannsrettens vedtak må då opphevast grunna saksbehandlingsfeil.
- (8) Orskurden er samrøyystes.

S L U T N I N G :

Lagmannsrettens vedtak blir oppheva.

Arnfinn Bårdesen
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Henrik Bull
(sign.)

Riktig utskrift: